

## Heiltidsstrategi i Time kommune

Time kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar der heiltid er hovudregelen. Ein heiltidskultur er avgjerande for å sikra kvalitet, betre arbeidsmiljø og tilstrekkeleg kompetanse i tenesta. Auka heiltid vil gi brukaren betre tenester og ein meir føreseieleg kvardag. Heiltidskultur vil styrka omdøme som arbeidsgjevar. Heiltid vil sikra dei tilsette gode og trygge lønns- og arbeidsvilkår.

Høg del av tilsette som jobbar deltid er ein av dei største utfordringane norske kommunar har som arbeidsgjevar, inkludert Time kommune. Den store bruken av deltidstillingar gjer det vanskeleg å rekruttera og behalda kvalifisert arbeidskraft. Ledige vakter som følgje av sjukefråvær, ferieavvikling, vakante stillingar og avtalefesta permisjonar gjer drifta sårbar.

Utgangspunktet for Time kommune si heiltidserklæring er heiltidserklæringa frå 2018 mellom KS og Delta, NSF og Fagforbundet. Erklæringa blei fornya for fjerde gong i august 2021.

### Heiltidskultur

Time kommune skal byggja opp ein heiltidskultur. Det skal arbeidast systematisk med å utvikla ein heiltidskultur i heile kommunen. Heiltidskultur er ein føresetnad for å lukkast i å få til gode og trygge tenester samt eit godt arbeidsmiljø.

Heiltid i Time kommune betyr å jobba i 100 % stilling. Målet er at 60 % av dei tilsette skal ha heiltidsstilling. Den enkelte verksemd skal finna fram til arbeidstidsordningar som sørger for innføring av heiltid som norm. Tilsette som har redusert stilling pga. nedsett arbeidsevne, tilhøyrar ikkje målgruppa for heiltidssatsinga. I Time kommune er det fleire stillingstypar åleine som ein ikkje kan oppnå 100 % stilling i. Dette gjeld til dømes stillingar innanfor nattarbeid, SFO, kultur, studentar, BPA og kulturskule.

### Arbeidstidsordningar

Den enkelte verksemd skal finna fram til arbeidstidsordningar som sørger for innføring av heiltid som norm. Arbeidstidsordninga skal vera tilpassa brukarane sine behov for gode, trygge og føreseielege tenester både på vekedagane og i helg. Arbeidstidsordningane skal ivareta dei tilsette sitt arbeidsmiljø, helse og tryggleik.

Viktige tiltak for å auka stillingsstørrelse, er å jobba på tvers av avdelingar, verksemder og kommunalområder. Hovudregelen er likevel at den tilsette skal forholde seg til ein leiar og arbeidsplass. Digitalisering og velferdsteknologi kan gi moglegheiter her. Eit viktig tiltak for å få til heiltid i turnus, er å auka talet på arbeida timar i helg.

### Rekruttering

Som hovudregel skal alle stillingar lysast ut i heile stillingar. Stillingar skal ikkje lysast ut med desimalar. Utlysing av deltidstillingar skjer unntaksvis. Unntak er studentstillingar og andre stillingstypar kor heiltid ikkje er mogleg, eller individuelle behov avklart med kommunalsjef og drøfta med hovudtillitsvald.

Heile stillingar skal som hovudregel ikkje delast opp. Unntak er tilfelle som følgjer av aml. § 14-3. Medarbeidarar i deltidstillingar som ønsker 100 % skal prioriterast til auke i stilling. Leiar skal til ein kvar tid ha oversikt over ikkje ønska deltid og tilsette som ønsker å auka stillinga si. Ved ledigheit skal leiar fyrst gjennomgå arbeidsplanar og oppgåvefordeling for å vurdere å slå saman deltidstillingar. Ledige stillingar skal gjerast kjent for tilsette i Time kommune. Tilsette som ønsker heiltidsstilling, og som er kvalifiserte, skal prioriterast når stillingar skal aukast, i vikariat og til ledige vakter.

Tilsette sine rettar til permisjonar, redusert stilling eller anna langvarig fråvær kan føra til at verksemda/avdelinga får ledige prosentstillingar som må dekkast opp. Slike behov skal som hovudregel dekkast opp med å auka stillingar i eigen verksemd, fortrinnsvis med tilsette som ønsker 100 % stilling.

### Måltal og rapportering

Det er ikkje mogleg for alle verksemder å oppnå eit mål om at alle tilsette har 100 % stilling. Kvar verksemd skal sjølv finna løysingar for hensiktsmessig bemanning.

Kommunedirektøren skal rapportera til AMU og Administrasjonsutvalet på måla i heiltidserklæringa. Kommunalsjef rapporterer på resultatata i årsrapporten.

### Heiltidsutval

Eit heiltidsutval sett saman av partane skal følgje opp, ta opp utfordringar og rapportera til kommunedirektøren si leiargruppe. Kommunedirektøren skal årleg rapportera på heiltid til AMU og Kommunestyret.